

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/1329-64

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane. Vedtak om å legge utkast til industristrategi ut på høyring

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg utkast til industristrategi ut på høyring.
2. Høyringsfristen vert sett til 28. august 2015

Vedlegg:

Utkast til industristrategi
Liste over høyringsinstansar

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025 (<http://verdiskapingsplanen.no/>)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Ved politisk handsaming av verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane vart det tinga ein eigen industristrategi som eit av oppfølgingspunkta. Eit utkast vert med dette lagt fram med tanke på utlegging til høyring.

Historikk - tidlegare vedtak

Vedtak i Sogn og Fjordane Fylkesting i sak 8/14 – Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane, vedtakspunkt 3:

«Fylkestinget ber om at fylkesdelplanen for landbruk vert revidert og at det vert utarbeidd ein eigen strategi for industrisatsing. Desse to områda må bli ein del av verdiskapingsplanen.

Arbeidet med industristrategien og eit opplegg for revisjon av fylkesdelplan for landbruk skal leggast fram for planutvalet hausten 2014.»

Vedtak om å setje i gang arbeidet vart gjort av Fylkesutvalet i sak 106/14.

Sentrale problemstillingar

Industrispørsmål har i arbeidet med verdiskapingsplanen vorte tema innan fleire bransjesatsingar. Dessutan handsamar regional transportplan viktige rammevilkår for industrien. Intensjonen med industristrategien er å vurdere industrispørsmål samla, men med minst mogleg repetisjon av problemstillingar som alt er handsama i verdiskapingsplanen.

Om organisering, medverknad og framdrift

Fylkeskommunen har leigd inn Harald Husabø frå BDO AS som prosjektleiar for arbeidet. Prosjektansvarleg har vore fylkesdirektør Jan Heggheim. Næringsforum (parterskapsarenaen på leiarnivå) har fungert som administrativ styringsgruppe. Næringsforum har delteke i to møte undervegs. Arbeidet har arbeidet vore drøfta med Hovudutval for plan og næring på møta 25. mars og 9. april. Jan Gurvin frå Innovasjon Norge og Lars Hustveit frå fylkeskommunen har delteke i ei arbeidsgruppe oppretta for prosjektleiar sitt arbeid.

Synspunkt frå industrien og anna næringsliv har vore henta inn gjennom individuelle bedriftsbesøk og gjennom eit møte med 7 industrileiarar på Skei 8. mai.

Opphavleg var tanken å legge endeleg industristrategi fram for politisk handsaming i juni 2015. Framdrifta er justert slik at saka etter planen vert lagt fram for fylkestinget i oktober 2015.

2. Vurderingar og konsekvensar

Industri er tema i mange av satsingane i verdiskapingsplanen. Arbeidet med nyskaping og kunnskap og bransjesatsingane fornybar energi, sjømatnæringane, olje/gass og landbruk handlar også om industriutvikling. Industristrategien bind saman desse satsingane og tilfører noko nytt.

Målformuleringa er identisk med målet i verdiskapingsplanen; 500 nye arbeidsplassar i året. Industrien sin funksjon som motor med ringverknader for andre næringar vert dermed sentral.

Ut frå premissen om at industristrategien skal supplere verdiskapingsplanen, er det utvikla strategiar som kort kan opp summerast slik:

- Lage møteplassar der grunnlaget for konkrete innovasjonar kan leggest.
- Utvikle ein akkvisisjonsstrategi (rekruttering av nye verksemder) som supplement til arbeidet med nyskaping og organisk vekst.
- Samspelet med utdannings- og forskingsinstitusjonar må utviklast; særleg innan teknologi og fagutdanning.
- Industrien må bli sikra gode rammevilkår for vidare utvikling.

Industrileiarar har særleg streka under ønsket om bransjeuavhengige møteplassar der nye koplingar kan oppstå. Ein slik strategi vil utfylle dei etablerte langsiktige bransjesatsingane i verdiskapingsplanen.

Arbeidet initiert gjennom industristrategien vil bli vurdert ut frå kva effekt det har på målet om arbeidsplassutvikling.

Fylkesrådmannen føreset at dei operative konsekvensane av industristrategien vert lagt inn i årsplanen for verdiskapingsplanen for 2016. Meininga er at industristrategien i hovudsak vert integrert i dei eksisterande satsingane i verdiskapingsplanen. Oppfølgingsoppgåver på tvers av satsingane vert føresett plassert hos næringsforum (parterskapsarenaen på leiarnivå).

Politiske konsekvensar

Industristrategien inneheld formuleringar som krev politisk oppfølging. Ambisjonane fylkestinget tidlegare har vedteke (sjå: <http://verdiskapingsplanen.no/politiske-problemstillingar/>) vert dermed supplerte.

Lista over politiske problemstillinger i industristrategien går fram av avsnitt 7. Politiske problemstillinger vert følgde opp primært etter tinging frå politiske organ og ev. etter initiativ frå fylkesrådmannen i samråd med næringsforum.

Fylkesrådmannen vil særleg peike på invitasjon frå Nordland fylkeskommune om samarbeid om å påverke nasjonal industripolitikk.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Desse konsekvensane vert først synleggjort i årsplanen til verdiskapingsplanen for 2016. Det er ikkje føresett «nye» fylkeskommunale midlar for å følgje opp strategien. For fylkeskommunen er konsekvensen at det gjennom strategien vert presentert nye ambisjonar som må konkurrere om dei midlane som blir sett av til næringsutvikling og opplæring.

Planarbeidet har ikkje ført til konkrete krav til utvikling av fagskulen, til vidaregåande fagopplæring eller til etter- og vidareutdanning. Det skal likevel ikkje vere tvil om at både dei industriretta yrkesfaga og fagskulen i fylket vert sett på som viktige tilbod for rekruttering til industrien.

Rettslege konsekvensar

Ingen spesielle.

Personalpolitiske konsekvensar

I strategien vert det presentert nye ambisjonar som konkurrerer om dei personalressursane fylkeskommunen har sett av til opplæring og næringsutvikling.

Plankonsekvensar

Industristrategien må innarbeidast i årsplanen til verdiskapingsplanen

Klima- og miljøkonsekvensar

I avsnitt 7 er det formulert politiske problemstillinger med følgje for klimapolitikken. Det er ei hovudvurdering at nasjonale klimamål ikkje skal ha som konsekvens at industriproduksjon vert flytta ut av landet til produksjonsstader der klimaeffekten er meir negativ enn ved produksjon i Noreg.

Andre konsekvensar: integrering, mangfald, likestilling, universell utforming e.l

Sidan industristrategien er knytt opp til verdiskapingsplanen, er det gitt at overordna føringar om samfunnsansvar og berekraftig utvikling gjeld.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at utkastet vert lagt ut på høyring. Plan og bygningslova føreset minst 6 veker høyringsfrist. Vert industristrategien lagt ut for høyring i veke 24, vil ein frist 28. august gi 11 veker høyringsperiode.